



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Stadt
Møtedato	13.05.2015
Kl.	15:00 – 16:45

Faste medlemer til stades:

Nils Gjerland, SP, leiar
Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
Anita Nybø, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Liv Stave, H
Trude Brosvik, KrF
Lars-Svein Drabløs, Frp
Marit Barsnes Krogsæter, V

Forfall til møtet:

Eva Hage Solstad, Ap

Varamedlemer til stades:

Harald Bjarte Reite, Ap

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 25.03.2015 vart godkjend utan merknader.

SAK 17/15 Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling

VEDTAK:

1. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgjande nye tiltak i 2015:

Søkjjar	Tittel på prosjekt	Tilråding
Naustdal kommune	Ambassade for Kjartanistan i Naustdal	kr 100 000
Fredrik Høstaker	«Kom heimatt gut»	kr 30 000
Karen Helga Maurstig	«20 Coastal stations»	kr 75 000
Nordisk kunstnarsenter Dale	«UR» - uteromskunstprosjekt, forprosjekt	kr 50 000
Førde kommune	Nynorskbyen Førde	kr 50 000
Sum		Kr 305 000

2. Det vert løyvd midlar i 2015 til følgjande prosjekt som også fekk midlar i 2014:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Vestnorsk filmsenter	Vidare filmsamarbeid	kr 100 000
Teaterfestivalen i Fjaler	Teaterfestivalen	kr 75 000
Bremanger kulturlag	Der båra bryt	kr 70 000
Vevringutstillinga	Vevringutstillinga 36 år	kr 50 000
Jakob Sande Selskapet	Utvikling og drift av Jakob Sande-tunet	kr 50 000
Nynorske litteraturdagar	Nynorske litteraturdagar	kr 75 000
Gry Buer	Alt lys på Solund	kr 75 000
Sum		Kr 495 000

3. Det vert løyvd midlar til følgjande fylkeskommunale utviklingsavtalar:

	Tiltak:	Tilråding
Sogn og Fjordane Idrettskrins	Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år"	Kr 75 000
Sogn og Fjordane idrettskrins	"Ein god idrettskommune"	Kr 25 000
Gloppen musikkfest	Gloppen musikkfest	Kr 100 000
Sum		Kr 200 000

4. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

Søkjjar:	Tiltak:
CNI Studio	Investering i platestudio
Jeff Pedersen Produksjonar	"Stavenes i krig" - produksjon av teaterstykke
Veteranbåtlaget Atløy	Teaterbåten
Spitfire	Turnestøtte Tyskland
Åmot Operagard	Elskovsdrikken
Transplant	Utstilling - identitet i bevegelse

Marek Stave	The Group - eit kreativt byrå for kulturnæringar
Stiftinga Sagastad	Rekonstruksjon Myklebustskipet
Mark Flagler	Nordsjøløypa - sykkelrute, TV-dokumentar
Snowman Productions	Råskap - TV-produksjon, opptak i Stryn

5. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

Hovudutvalet vurderte gildskapen til Jan Olav Fretland. Hovudutvalet fann Fretland ugild under handsaming av punkt 1.

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis. Pkt 1 vart samrøystes vedteke.
Punkt 2-5 vart samrøystes vedteke.

SAK 18/15 Økonomiplan 2016 - 2019. Prioriteringar innan utgreiingsoppdraga på kultursektoren.

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gje slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Alle endringane vert målt mot budsjett for 2014.

- a) Bokbåten er avvikla med ei årleg innsparing å 1.3 mill., og hovudutvalet si ramme er alt redusert med denne summen. (varig innsparing)
- b) For musea er det innarbeidd reduksjon i eksisterande budsjett med 3 millionar kr. (2017) Budsjettet vert korrigert for verknaden av Investeringar i fellesmagasin og ved Sunnfjord museum.
- c) Avtalen med BFO vert ikkje vidareført etter 2017, og deler av innsparinga skal sikre vidare drift av Sogn og Fjordane Symfoniorkester.
- d) Vårt nynorske Sogn og Fjordane teater skal vidareførast.
- e) Opera Nordfjord skal vidareførast.

- f) Budsjettreduksjonane er samansett av reduserte løyvingar/tilskot, og administrative kostnader.
- g) Kulturutvalet sitt primærstandpunkt, er ei redusert råde på 8,5 mill., med følgjande reduksjonar i høve til 2014-budsjett.

	2015	2016	2017	2018	2019
740 Bibliotek	0,64	1,3	1,6	1,8	1,8
750 Kulturminnevern			1,4	1,4	1,4
760 Museum	1,0	2,2	3,2	3,3	3,3
771 Kunstformidling	1,1	1,3	1,3	1,0	1,0
772 Kunstproduksjon		0,2	1,0	1,0	1,0
775 Fysisk aktivitet					
790 Andre kulturaktivitetar	0,9				
Sum redusert råde	(3,64)	(5,0)	(8,5)	(8,5)	(8,5)

- h) Kulturutvalet har tidlegare halde fram at reduksjonane innan « kulturbudsjettet» utgjer over 20%, som er ein urimeleg stor del av innsparingane. Ved å setje innsparingane til 8,5 mill., vil dette vere innfridd i 2017, samstundes som midlar til fysisk aktivitet, idrett og andre kulturaktivitetar kan vidareførast på 2014 nivå, fram til 2019.
- i) Det er eit mål å styrkje ei fornya folkemusikksatsing etter distriktsmusikarmodell slik hovudutvalet har vedteke. Dette kan skje f.o.m. 2017/2018.
- j) Det er lagt inn auka reduksjon på bibliotek i 2017 -2019.
- k) Dersom det må til større nedtak for kulturfeltet enn dei 8,5 mill. må det kome i 2018 og 2019. Kulturutvalet vil då prioritere å gå på større einskild-nedtak.

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:

Hovudutval for kultur tek utgangspunkt i tiltaka med prioritet 1 i vedlagte tabell som moglege innsparingstiltak på sektoren, totalt 18,3 millionar.

Hovudutvalet vil på det sterkaste åtvare mot at ein gjennomfører tiltak utover dei prioriterte tiltaka, då desse tiltaka allereie får store konsekvensar. Ei vidare nedskjering vil kunne føre til avvikling av viktige kulturtilbod i fylket.

Samandrag av utgreiingsoppdraga på kultur i uprioritert rekkefølge inndelt i nivå 1-3 etter grad av konsekvens.

Proritering	Gruppering	Nivå	Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
1			47 Kulturarv		Reduksjon Fylkesarkivet nivå 1		3
1			47 Kulturarv		Reduksjon Fylkesarkivet nivå 2		2

		47 Kulturarv	Reduksjon Kommunearkivordninga		0
1		47 Kulturarv	Reduksjon Kulturminneforvaltning Nivå 1		1
3		47 Kulturarv	Reduksjon Kulturminneforvaltning Nivå 2		1
3		47 Kulturarv	Reduksjon tilskot MISF Nivå 1		1
3		47 Kulturarv	Reduksjon tilskot MISF Nivå 2		1
3		47 Kulturarv	Reduksjon tilskot Gulatinget		0,5
1		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Førdefestivalen nivå 1		1,5
3		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Førdefestivalen nivå 2	Avvikling	1,8
1		49 Kunstproduksjon	Reduksjon NCT nivå 1		0,37
3		49 Kunstproduksjon	Reduksjon NCT nivå 2	Avvikling	0,5
1		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Opera Nordfjord nivå 1		0,5
3		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Opera Nordfjord nivå 2	Avvikling	0,95
1		49 Kunstproduksjon	Reduksjon SoFT nivå 1		1,5
3		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Soft nivå 2		1
3		49 Kunstproduksjon	Reduksjon Soft nivå 3	Avvikling	3,4
1			Reduksjon MISF nivå 1		2
3			Reduksjon MISF nivå 2		2
3		50 Kulturformidling	Reduksjon DKS		0,8
3			Digital kulturformidling		0,3
1			Distriktsmusikarordninga		2,3
1			Fylkesbiblioteket		2,5
1			Fylkesmusikarordninga		1,6
3			Kultur og helse		0,5

Oppsummering nivå 1

18,27

Avrøysting:

Framlegget frå Framstegspartiet fekk ei røyst (Frp) og vart dermed forkasta.

Det vart vart så røysa punktvis på pkt d) og e) i framlegget frå Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti. Framlegga fekk to røyster (Frp og KrF) og vart dermed forkasta.

Heile framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti vart deretter vedteke mot ei stemme (Frp).

Dette gir følgjande VEDTAK:

Alle endringane vert målt mot budsjett for 2014.

- a) Bokbåten er avvikla med ei årleg innsparing å 1.3 mill., og hovudutvalet si ramme er alt redusert med denne summen. (varig innsparing)
- b) For musea er det innarbeidd reduksjon i eksisterande budsjett med 3 millionar kr. (2017) Budsjettet vert korrigert for verknaden av Investeringar i fellesmagasin og ved Sunnfjord museum.
- c) Avtalen med BFO vert ikkje vidareført etter 2017, og deler av innsparinga skal sikre vidare drift av Sogn og Fjordane Symfoniorkester.
- d) Vårt nynorske Sogn og Fjordane teater skal vidareførast.
- e) Opera Nordfjord skal vidareførast.
- f) Budsjettreduksjonane er samansett av reduserte løyvingar/tilskot, og administrative kostnader.
- g) Kulturutvalet sitt primærstandpunkt, er ei redusert råme på 8,5 mill., med følgjande reduksjonar i høve til 2014-budsjett.

	2015	2016	2017	2018	2019
740 Bibliotek	0,64	1.3	1,6	1,8	1,8
750 Kulturminnevern			1,4	1,4	1,4
760 Museum	1,0	2,2	3,2	3,3	3,3
771 Kunstformidling	1,1	1,3	1,3	1,0	1,0
772 Kunstproduksjon		0,2	1.0	1,0	1,0
775 Fysisk aktivitet					
790 Andre kulturaktivitetar	0,9				
Sum redusert råme	(3,64)	(5,0)	(8,5)	(8,5)	(8,5)

- h) Kulturutvalet har tidlegare halde fram at reduksjonane innan « kulturbudsjettet» utgjer over 20%, som er ein urimeleg stor del av innsparingane. Ved å setje innsparingane til 8,5 mill., vil dette vere innfridd i 2017, samstundes som midlar til fysisk aktivitet, idrett og andre kulturaktivitetar kan vidareførast på 2014 nivå, fram til 2019.
- i) Det er eit mål å styrkje ei fornya folkemusikksatsing etter distriktsmusikarmodell slik hovudutvalet har vedteke. Dette kan skje f.o.m. 2017/2018.
- j) Det er lagt inn auka reduksjon på bibliotek i 2017 -2019.
- l) Dersom det må til større nedtak for kulturfeltet enn dei 8,5 mill. må det kome i 2018 og 2019. Kulturutvalet vil då prioritere å gå på større einskild-nedtak.
